

Rapport

fra Skog og landskap

04/2010



skog+  
landskap

NORWEGIAN FOREST AND  
LANDSCAPE INSTITUTE

---

## VEGETASJON OG BEITE I ROSTAÅSEN MED KRINGLIGGANDE OMRÅDE

Rapport frå vegetasjonskartlegging i Målselv  
kommune

---

Per K. Bjørklund



Rapport  
fra Skog og landskap

4/2010

---

# VEGETASJON OG BEITE I ROSTAÅSEN MED KRINGLIGGANDE OMRÅDE

Rapport frå vegetasjonskartlegging i Målselv kommune

---

Per K. Bjørklund

ISBN 978-82-311-0111-6

ISSN 1891-7933

Omslagsfoto: Utsyn frå Tømmerelvfjellet mot Rosta og Rostaåsen

Foto: Per K. Bjørklund

---

Norsk institutt for skog og landskap, Pb 115, NO-1431 Ås

---

# FORORD

Norsk institutt for skog og landskap (*Skog og landskap*) utførte i august 2009 vegetasjonskartlegging av eit område på 10,5 km<sup>2</sup> i Rostadalen i Målselv kommune. Kartlegginga er utført på oppdrag frå Fylkesmannen i Troms.

Rostaåsen er under utgreiing for vern som naturreservat etter naturmangfaldloven. Det føreligg samtidig planar om å ta delar av området i bruk som utmarksbeite for ammekyr. Rostaåsen har viktige verneverdiar som kan vere sårbare for trakk frå beitedyr. For å avklare eventuelle interessesetningar har fylkesmannen sett i gang prosjekt som omfattar beitekartlegging samt overvaking av skadar etter beitande storfé.

Med bakgrunn i vegetasjonskartet og feltsynfaring, er det i denne rapporten gjort vurderingar av beitekvalitet for storfé i ulike delar av kartområdet. Det er òg gjeve tal for beitekapasitet i det kartlagte området samla.

Vegetasjonskartlegginga er gjort etter *Skog og landskap* sin instruks for kartlegging i målestokk 1: 20 000 - 50 000. Feltarbeidet er utført av Finn-Arne Haugen og underteikna. Kartkonstruksjon er utført av Kjell Moen og Finn-Arne Haugen, kartpresentasjon av Finn-Arne Haugen. Yngve Rekdal har vore fagleg vegleiar i vurdering av beitekapasitet.

I tillegg til vegetasjonskartet er det utarbeidd eitt avleidd temakart som gjeld beite for storfé.

Foto er tatt av Finn-Arne Haugen (FAH) og Per K. Bjørklund (PKB).

Bardufoss, januar 2010

Per K. Bjørklund

## SAMANDRAG

Vegetasjonskart gjev eit bilde av den mosaikken av vegetasjonstypar som det naturlege plantedekket består av. Ein vegetasjonstype er ei karakteristisk samling planteartar som vil finnast att på lokalitetar med like veksetilhøve. Eit oversyn over utbreiinga av vegetasjonstypar gjev oss på denne måten informasjon også om variasjonen i økologiske faktorar (klima, næring og vatn i jorda, snødekke og kulturpåverknad) i eit område. I tillegg kan kvar vegetasjonstype tilleggast eigenskapar med omsyn til ulik ressursutnytting og bruk (beite, slitestyrke for ferdslø, artsmangfald m.m.).

På oppdrag frå Fylkesmannen i Troms, er det vegetasjonskartlagt 10,5 km<sup>2</sup> i Rostadalen i Målselv kommune. Målsettinga med kartlegginga er skaffe data om beiteverdiar for storfé på Rostaåsen og kringliggande område. Dette inngår i ei utgreiing om verknadar av storfébeiting sett i høve til verneverdiar i planlagt naturreservat på Rostaåsen. Kartlegginga er gjort etter *Skog og landskap* sin instruks for vegetasjonskartlegging i M 1:20 000 - 50 000. Det er framstilt vegetasjonskart og eit avleidd temakart for storfébeite.

Rostaåsen (294 moh.) ligg sentralt i kartleggingsområdet. Vidare inngår lia på sørsida og moen fram mot fylkesvegen, samt vestsida av Rostaåsen fram til lille Rostavatnet. Den bratte lia mellom Lienga, Tverrelvdalen og Tømmerelvfjellet utgjer ein stor del av området i nord. Heile området er skogkledd unntatt den nordlegaste bredden mot fjellet som har snau fjellvegetasjon. I høgde strekker det kartlagte området seg frå 102 moh. ved lille Rostavatnet til ca. 580 moh. på Tømmerelvfjellet.

Området har eit tilnærma innlandsklima med relativt låg vintertemperatur og høg sommartemperatur. Årsnedbøren på næraste målestasjon, Øverbygd, ligg på 659 mm. og middeltemperaturen er 0,9 °C.

Det meste av berggrunnen i området består av omdanna sedimentbergartar, i første rekke glimmerskifer med innslag av kalkspat. Desse bergartane er gunstig for planteveksten. Over Rostaåsen er det hardare berggrunn som er meir vekslende i næringsinnhald. Heile området er dekt av lausmassar med varierende tjukne. Over Rostaåsen ligg eit tjukt morenedekke.

Skog dekker 93 % av området. Resten er snaufjell, myr og kulturmark. Av skogdekt areal består 87 % av lauvskog. Vegetasjonsdekket i området er dominert av *engbjørkeskog* (48 %), *blåbærbjørkeskog* (24 %), *blåbærfuruskog* (11 %) og *oreskog* (8 %). Av andre vegetasjonstypar utgjer ingen meir enn 2 %. *Høgstaudeeng* er dominerande type av fjellvegetasjonen.

*Engbjørkeskog* og *oreskog* representerer *svært godt beite* og utgjer hovudtyngda av beiteressursane i området. *Blåbærbjørkeskog* blir sett til *godt beite* medan det meste av *blåbærfuruskog* er vurdert som *mindre godt beite*.

Beitetilhøva er beskrive innafor følgjande tre delar av kartleggingsområdet, inndelt etter fellestrekk i terreng og vegetasjonsfordeling.

**1. Rostaåsen med åsryggen aust mot Bjønnbakken.** Denne delen av området følgjer åspartiet der *blåbærfuruskog* og *blåbærbjørkeskog* er dominerande vegetasjonstypar. Dette særpreget gjer at beiteverdien er betydeleg mindre enn i dei to andre beskrivne delområda. Avgrensinga fell i stor grad saman fylkesmannen sitt arbeidsområde i verneprosessen.

**2. Området vest- og sør for Rostaåsen** er dominert av *engbjørkeskog* med høg beiteverdi, men inneheld også andre typar av lauv- og furuskog. *Svært godt beite* utgjer 60 % av arealet.

**3. Lia under Tømmerelvfjellet** står i ei særstilling i beitesamanheng. Ulike utformingar av *engbjørkeskog* samt *oreskog* dominerer areala. Det nyttbare beitearealet er nær 100 %. 93 % tilhøyrrer beiteklassen *svært godt beite*.

Vegetasjonskartlegginga viser at Rostadalen med kringliggande område har eit stort potensial som beiteområde for storfé. Av tilgjengeleg beiteareal utgjer det nyttbare beitearealet 84 %. Fordelt etter beiteklasse kjem heile 60 % av arealet i den beste beiteklassen, *svært godt beite*. Dette er eit høgt nivå for utmarksbeite og tilseier eit beiteområde av særleg høg kvalitet.

Høveleg dyretal for området kan vere 130 -160 storfé av mellomtung kjøttferase. Det tilrådde dyretalet føreset jamn fordeling av dyr i området. Det må understrekast at denne utrekninga av dyretal er eit grovt overslag. "Fasiten" finn ein ved å følgje bruken av området, utviklinga i vegetasjonen og vektene

på dyr frå beite over tid. Det vil dessutan vere eit potensial for auke i beitetilgangen. Det kan oppnåast ved at areala blir tatt i bruk og kultivert gjennom beiting og den påverknaden den har på vegetasjonen.

## SUMMARY

A total area of 10.4 km<sup>2</sup> in Rostadalen, Målselv municipality are mapped, on commission from the county administration in Troms, according to the Norwegian forest and landskap institutes methodology for vegetation mapping (scale 1: 20 000 – 50 000). The aim for this project is to get data about the grazing capacity for cattle in Rostaåsen and the surrounding areas. This project goes into a study about the impact from cattle grazing according to protection and conservation in a planned nature reserve at Rostaåsen. The mapping resulted in a vegetation map and a thematic map, describing the pastureland qualities for cattle in the area.

**Nøkkelord:** Vegetasjonskartlegging  
Ressurskartlegging  
Utmarksbeite

**Key word:** Vegetation mapping  
Land resources  
Outfield grazing

**Andre aktuelle publikasjoner frå prosjektet:** Vegetasjonskart, Rostaåsen og kringliggende område  
Avleidd kart: Beite for storfé

# INNHALD

1. INNLEIING .....	1
1.1 Beiteverdi.....	1
1.2 Metode.....	2
1.3 Kartleggingssystem og arealfordeling .....	3
2. OMTALE AV OMRÅDET .....	5
3. VEGETASJON OG BEITE .....	7
3.1 Omtale av kartlagte vegetasjonstypar .....	7
3.3 Vegetasjon og beite i Rostaåsen med tilliggande område .....	21
3.3.1 VEGETASJON .....	21
3.3.2 BEITE.....	23
4. BEITEVERDI OG BEITEKAPASITET .....	28
4.1 Beiteareal.....	28
4.2 Beitekapasitet .....	28
LITTERATUR.....	31

# 1. INNLEIING

## 1.1 Beiteverdi

Den einaste systematiske reiskapen vi har for å vurdere kvalitet av utmarksbeite, er ei inndeling av vegetasjonsdekket i vegetasjonstypar. Utgangspunktet for dette er at artssamansetting, planteproduksjon og næringsinnhald i plantene innafor kvar vegetasjonstype varierer lite frå lokalitet til lokalitet i eit geografisk avgrensa område.

### Vegetasjonskartlegging

Veksemiljøet til plantene er samansett av ei rekkje naturgjevne og menneskeskapte tilhøve. Viktigast er vatn og næring i jorda, klima, påverknad frå menneske og dyr samt konkurranse frå andre artar. Plantar som har nokolunde same krav til miljøet vil vekse på same stad. Dei dannar det vi kallar eit plantesamfunn eller ein vegetasjonstype. **Ein vegetasjonstype er altså ei karakteristisk samling av artar som vil finnast att på stader med like veksevilkår.**

**Eit vegetasjonskart er eit bilete av mosaikken av vegetasjonstypar som utgjer plantedekket i eit område.** Ved å utnytte den informasjonen som plantane gjev oss om veksetilhøva, blir dette likevel langt meir enn eit oversynt over plantedekket. Forsking og erfaring har gjort at vi kan trekke ut ei rekkje opplysningar om **miljøtilhøve** innafor kvar vegetasjonstype. På same måte kan ulike eigenskapar med omsyn til **ressursutnytting**, t.d. beite, knytast til desse typane. Vegetasjonskartet er i dag den karttypen som gjev mest allsidig informasjon om naturgrunnlaget. Det er det næraste vi har kome eit økologisk kartverk.

I tillegg til vegetasjonstypane blir det under kartlegging tatt med ei rekkje tilleggssymbol som viser eigenskapar ved marka som ikkje typane avspeglar, til dømes dekning av bert fjell eller blokker, dekning av lav, grasrik vegetasjon m.m.

Beiteverdien for den enkelte vegetasjonstypen vil i første rekkje vere avhengig av tre faktorar:

- Produksjon av beiteplantar (kg tørrstoff per dekar).
- Næringsverdi (fôreiningar per kg tørrstoff).
- Utnyttingsgraden (kor stor del av plantemassen som blir tatt opp av dyra).

Produksjonen av beiteplanter vil variere mykje med veksetilhøva. Næringsverdien vil variere etter kva plantar som finst, veksestad, haustetidspunkt og meir. Både produksjon og næringsverdi er i stor grad målbare faktorar. Utnyttingsgraden er meir usikker då denne er knytt til beitevanane til den enkelte dyrearten. Dyra sitt val av beiteplanter og område vil òg vere påverka av faktorar som tilgjenge, fordeling av vegetasjonen i høgdesoner, mangfald i vegetasjonen, beitepress, årstid, vertilhøve og høve til ly m.m. Verdetjing av beite blir uansett svært komplekse vurderingar der mykje må byggast på skjønn ut frå god kunnskap om plantedekket, beitevanar og andre faktorar som er nemnde. Vegetasjonskartet vil derfor vere ein viktig reiskap då ein får kartfesta det botaniske grunnlaget saman med topografien.

I omtalen av beiteverdien for vegetasjonstypar og beiteområde seinare i rapporten samt på avleidd beitekart, er det bruka ein 3-delt skala; **mindre godt-, godt- og svært godt beite**. Beiteverdien er gjeve ut frå innhaldet av beiteplanter i kvar vegetasjonstype, samt hovudtrekka i storféet sine beitevanar. Beiteverdien er vurdert som aktuell verdi, det vil seie den verdien dei ulike vegetasjonstypane har slik dei er utforma ved kartleggingstidspunktet.

Eit unntak frå dette er beiteverdien i engskogar, der den oppgjevne beiteverdien vanlegvis reknast som potensiell verdi. Det vil seie den verdien areala kan få ved eit visst beitetrykk der vegetasjonen utviklar eit større grasinnhald. Upåverka vegetasjon i engskogar er normalt dominert av høge urtar og bregnar som ikkje er gode beiteplanter, eller tette busk- og tresjikt som hindrar tilgjenge.

**Botnsjikt:** Mosar og lav

**Feltsjikt:** Gras, urtar og lyng

**Busksjikt:** Buskar og mindre tre

**Tresjikt:** Tre og store buskar

### **Kulturpåverknad**

Beiting påverkar konkurransetilhøvet mellom plantane. Artar som toler å bli kutta ned fleire gonger i veksesesongen kjem best ut. Dette gjeld i hovudsak gras og halvgras som har veksepunktet så lågt at det ikkje blir skadd ved beiting. Planter som dyra ikkje likar, som er lågvaksne eller på andre måtar unngår å bli beita, blir også favorisert. Bregnar, lyng, lav og høge urtar taper i konkurransen, først og fremst fordi dei ikkje toler trakk som følgjer med beitinga. Område som gjennom lengre tid har vore utsett for beiting eller slått vil få ein grasrik, engliknande vegetasjon. Ei slik utvikling vil først og fremst foregå i vegetasjonstypar med god næringstilgang.

## **1.2 Metode**

Feltarbeidet er gjort i samsvar med metode skissert i "Veiledning for vegetasjonskartlegging" (Rekdal og Larsson 2005). Området vart først synfare i midten av juni. Kartlegginga vart gjort i august månad. Under kartlegging vart det bruka fargefoto (oppgåve 06062) i M 1: 35 000, fotografert i 2006.

Flyfoto med feltregistreringar er transformert til ortofoto. Feltregistreringane er digitalisert frå desse. Vegetasjonsdata er analysert og presentert ved hjelp av GIS-program. Topografisk kartgrunnlag er frå Statens kartverk sin kartserie N50.

Frå vegetasjonskartet er det laga avleidd kart med tema beite for storfé. Kartet viser vegetasjonsdekket delt inn i 3 beiteklasser. I tillegg er sumpskogar, samt storbregnedominerte og grasdominerte vegetasjonsutformingar vist med skravur.



### 1.3 Kartleggingssystem og arealfordeling

Nedafør følgjer ei oversikt over kartleggingseiningar og tilleggssymbol i *Skog og landskap* sitt system for vegetasjonsskartlegging i målestokk 1: 20000 - 50 000 (Rekdal og Larsson 2005). Typar eller tilleggssymbol som er merkte med gul bakgrunnsfarge førekjem i kartleggingsområdet.

#### VEGETASJONSTYPAR OG ANDRE AREALTYPAR

##### 1. SNØLEIE

- 1a Mosesnøleie
- 1b Grassnøleie
- 1c Frostmark, letype

##### 2. HEISAMFUNN I FJELLET

- 2a Frostmark, rabbetype
- 2b Tørrgrashei
- 2c Lavhei
- 2d Reinrosehei
- 2e Rishei
- 2f Alpin røsslynghei
- 2g Alpin fukthei

##### 3. ENGSAMFUNN I FJELLET

- 3a Lågurteng
- 3b Høgstaudeeng

##### 4. LAUVSKOG

- 4a Lav- og lyngrik bjørkeskog
- 4b Blåbærbjørkeskog
- 4c Engbjørkeskog
- 4d Kalkbjørkeskog
- 4e Oreskog
- 4f Flommarkkratt
- 4g Hagemarkskog

##### 5. VARMEKJÆR LAUVSKOG

- 5a Fattig edellauvskog
- 5b Rik edellauvskog

##### 6. FURUSKOG

- 6a Lav- og lyngrik furuskog
- 6b Blåbærfuruskog
- 6c Engfuruskog
- 6d Kalkfuruskog

##### 7. GRANSKOG

- 7a Lav- og lyngrik granskog
- 7b Blåbærgranskog
- 7c Enggranskog

##### 8. FUKT- OG SUMPSKOG

- 8a Fuktskog
- 8b Myrskog
- 8c Fattig sumpskog
- 8d Rik sumpskog

##### 9. MYR

- 9a Rismyr
- 9b Bjønnskjeggmyr
- 9c Grasmyr
- 9d Blautmyr
- 9e Storrsump

##### 10. OPEN MARK I LÅGLANDET

- 10a Kystlynghei
- 10b Røsslynghei
- 10c Fukthei
- 10d Knausar og kratt
- 10e Fukt- og strandenger
- 10f Sanddyner og grusstrender
- 10g Elveøyre og grusvifter

##### 11. JORDBRUKSAREAL

- 11a Dyrka mark
- 11b Beitevoll

##### 12. UPRODUKTIVE OG BEBYGDE AREAL

- 12a Jord og grus
- 12b Ur og blokkmark
- 12c Bert fjell
- 12d Bebygd areal, tett
- 12e Bebygd areal, ope
- 12f Anna nytta areal
- 12g Varig is og snø

**TILLEGGSSYMBOL**

<b>Grus, sand og jord</b>		<b>Treslag</b>	
:	Areal med 50-75 % grus, sand og jord	*	Gran
<b>Stein og blokker</b>		+	Furu
◇	Areal med 50-75 % stein og blokk	o)	Lauvskog, i hovedsak bjørk
<b>Grunnlendt mark, bart fjell</b>		o	Gråor
^	I skog: Grunnlendt areal der jorddekket er mindre enn 30 cm eller det fint opp til 50 % bart fjell.	Z	Svartor
⤴	Areal med 50-75 % bart fjell	o	Osp
<b>Spredt vegetasjon</b>		o	Selje
~	Uproduktive areal (12a, b, c) med 10-25 % vegetasjonsdekke	\$	Vier i tresjiktet
<b>Lav</b>		∅	Bøk
v	Areal med 25-50 % lavdekning	Q	Eik
x	Areal med meir enn 50 % lavdekning	↑	Annen edellauvskog
<b>Vier</b>		o))	Busksjikt
⊂	Areal med 25-50 % dekning av vier	<b>Høgdeklasser i skog</b>	
s	Areal med meir enn 50 % dekning av vier	I	Hogstflater eller ungskog opp til 2,5 m høgd
<b>Einer</b>		II	Ungskog fra 2-5m til 6-7m
j	Areal med meir enn 50 % dekning av einer	<b>Tettheit i skog</b>	
<b>Bregner</b>		] ]	25-50 % kronedekning
p	Areal med meir enn 75 % dekning av bregner	<b>Hevdtilstand på jordbruksareal</b>	
<b>Finnskjegg</b>		⊥	Dyrka mark, beite eller hagemarkskog under attgroing
n	Areal med meir enn 75 % dekning av finnskjegg	<b>Grøfta areal</b>	
<b>Grasrik vegetasjon</b>		T	Areal som er tett grøfta
g	Vegetasjonstypar med grasrike utformingar, over 50 % grasdekning		
<b>Kalkkrevande vegetasjon</b>			
k	Kalkkrevande utforming av grasmyr, lågurteng, tørrgrashei, rishei, frostmark og mosesnøleie.		

**Mosaikksignatur** blir bruka der to vegetasjonstypar opptre i mosaikk. Dominerande vegetasjonstype blir ført først og type nr. 2 blir ført på dersom denne utgjør meir enn 25 % av arealet innanfor figuren. Dersom hovudtype og type nr. 2 har same talkode, blir talet sløyfa i signaturen bak skråstreken.

Eks.: 6a/9c = Lav- og lyngrik furuskog i mosaikk med grasmyr

9c/ a = Grasmyr i mosaikk med rismyr

## 2. OMTALE AV OMRÅDET

Det kartlagte området er på 10,5 km<sup>2</sup>. Det ligg aust for lille Rostavatnet (102 moh.) og dannar nordsida av nedre Rostadalen i indre del av Målselv kommune. I sørvest inngår ein liten del av elvesletta. Frå lille Rostavatnet og moen på elvesletta stig terrenget jamt opp til Rostaåsen (ca. 290 moh.). Dette åsdraget dannar dei sentrale delane av området. Mot aust fell terrenget slakt mot Tverrelvdalen. Nordlege del av området er ei bratt lise som ender opp mot Tømmerelvfjellet, der den dannar skoggrensa omkring 540 moh. Ein smal brem av snaufjellet fell inn i området mot nord, der avgrensing er sett på ca. 580 moh.



Figur 1. Lokaliseringskart for kartleggingsområdet (N250, kjelde © Norge digitalt).

Området har eit tilnærma innlandsklima med relativt låg vintertemperatur og høg sommar-temperatur. Næraste målestasjon for temperatur og nedbør er Øverbygd (78 moh.), nær to mil mot vest. Målingane her viser at januar har lågast temperatur med  $\div 10,2$  °C og juli høgast med 13,2 °C. Årsmidlet ligg på 0,9 °C. For å få ein peikepinn på temperatur i ulike høgdelag, kan ein rekne med ein gjennomsnittleg nedgang med 0.6 grader for kvar 100 m stigning.

Tabell 1. Temperaturnormal for Øverbygd (155 moh.) og nedbørnormal for Øverbygd og Dividalen (228 moh.) (eklima.met.no)

	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	År
<b>Temperatur, Øverbygd</b>	-10,2	-8,7	-5,2	-0,2	5,5	10,7	13,2	11,5	6,4	1,4	-4,9	-8,7	0,9
<b>Nedbør, Øverbygd</b>	57	55	34	34	30	46	62	69	64	85	60	63	659
<b>Nedbør, Dividalen</b>	16	12	8	7	15	29	57	46	32	28	16	16	282

Gjennomsnittleg årsnedbør ligg på 659 mm. Mest nedbør fell frå juli og ut desember, medan månadane mars til juni har lågast nedbør. Rostaåsen ligg høgare over havet og lenger inn i dalen enn Øverbygd, og kan derfor ha noko ulik nedbør. For samanlikning er det sett opp nedbørnormal frå Frihetsli i Dividalen (228 moh.), som har eit meir typisk innlandsklima.

Det meste av berggrunnen i området består av omdanna sedimentbergartar, i første rekke glimmerskifer, beskrive som granatglimmerskifer og kvartsittisk glimmerskifer, og med lagvise innslag av kalkspatmarmor o.fl. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Dette er lause, næringsrike bergartar som er gunstige for planteveksteren. Dei flatare åspartia over Rostaåsen har ein berggrunn av gabbro og amfibolitt, bergartar som er hardare og meir vekslende i næringsinnhald.

Heile området er dekt av lausmassar som har varierende tjukne ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Nedste del av lia sør og vest for Rostaåsen består av tjukk morene. Næringsrikt opphavsmateriale og gunstig vasstransport skaper her produktive areal. Over åsryggen er det avsett eit mektig morenedekke med haugar og djupe søkk. Dette er godt drenerte areal med ein meir nøysam skogvegetasjon. Elles er ås- og liområda klassifisert som tynn morene. Langs brattlia mellom Lienga og Tverrelvdalen finst det parti med finkorna skredjord i overflata. Den flate botnen i Rostadalen ligg på elveavsetning. Myr og torvmark utgjør små og spreidde areal, dei fleste i eit parti som strekkjer seg frå Rostaåsen mot Tverrelvdalen.

### 3. VEGETASJON OG BEITE

#### 3.1 Omtale av kartlagte vegetasjonstypar

Nedanfor følgjer ein omtale av vegetasjonstypane som er registrert i kartleggingsområdet. I omtalen av beiteverdien for typane er det bruka ein 3-delt skala; *mindre godt*, *godt* og *svært godt beite*. I klassen *mindre godt beite* er det samla vegetasjonstypar med så lite av beiteplanter at beitedyr i liten grad vil nytte desse areala. I denne klassen finst unntak der ein prosentdel av arealet til nokre vegetasjonstypar eller enkelte lokalitetar er oppgradert til *godt beite*

Tabell 2. Arealfordeling av ulike vegetasjonstypar i kartleggingsområdet, samt deira beiteverdi for storfé, delt i tre klasser

Vegetasjonstype	Dekar	%	Beiteverdi
2c Lavhei	5,5	0,1	Mindre godt
2e Rishei	129,5	1,2	Godt
3a Lågurteng	16,5	0,2	Svært godt
3b Høgstaudeeng	187,0	1,8	Svært godt
4b Blåbærbjørkeskog	2 522,0	23,9	Godt
4c Engbjørkeskog	5 026,0	47,7	Svært godt
4e Oreskog	812,0	0,4	Svært godt
6a Lav- og lyngrik furuskog	42,0	0,4	Mindre godt
6b Blåbærfuruskog	1 189,0	11,3	Mindre godt - Godt
7b Blåbærgranskog	57,0	0,5	Mindre godt - Godt
7c Enggranskog	7,0	0,1	Godt
8c Fattig sumpskog	50,5	0,5	Mindre godt - Godt
8d Rik sumpskog	134,0	1,3	Svært godt
9a Rismyr	13,5	0,1	Mindre godt
9b Bjønnskjeggmyr	6,5	0,1	Mindre godt
9c Grasmyr	152,5	1,4	Godt
11a Dyrka mark	171,0	1,6	Svært godt
11b Beitevoll	15,5	0,1	Svært godt
Sum landareal	10 537	100	
Vatn	16,0		
SUM TOTALT AREAL	10 553		

## HEISAMFUNN I FJELLET

### 2c Lavhei

**Økologi:** *Lavheia* finn vi på rabbar og andre opplendte stader der snødekket er tynt eller kan mangle om vinteren. Jordsmonnet er tynt og næringsfattig. *Lavheia* høyrer først og fremst til lågfjellet, men kan i kyststrøk opptre i låglandet med andre utformingar.

**Artar:** Plantar som skal kunne leve på slike utsette vekseplassar må kunne tole vindslit, tørke og frost. Dette vil i hovudsak vere krypende busker og lyngartar, samt lav og mosar. Urtar og gras er det lite av. Dei viktigaste artane er *fjellkrekling*, *greplyng*, *blokkebær*, *tyttebær*, *rypebær* og *rabbesiv*. Krypende *dvergbjørk* er også vanleg. I botnsjiktet opptre vanlegvis reinlavartar, *gulskin* og fleire.

**Førekomst:** Innanfor kartområdet er det registrert berre eitt mindre areal på 5 daa.

**Beiteverdi:** Her finnes det lite av beiteplanter og beiteverdien er **mindre god**.

### 2e Rischei

**Økologi:** *Risheia* finn vi i lågfjellet eller på opne areal i fjellskogen. Vekseplassen krev betre snødekke enn *lavheia*, men heller ikkje meir langvarig enn at snøen er smelta i juni. Næringstilgangen kan variere frå moderat til dårleg, medan vassstilgangen er moderat.

**Artar:** *Risheia* opptre i fleire utformingar der dominansforholdet mellom artane varierer. Dominerande artar er *blåbær*, *smyle*, *fjellkrekling* og *dvergbjørk*. Andre vanlege artar er *skogstjerne*, *gullris* og *skrubbbær*. I botnsjiktet finn vi oftast eit dekke av husmosar. Beitepåvirka areal av *rishei* får større innhald av grasartane *smyle*, *engkvein* og *gulaks*.

Langs kanten av Tømmerelvfjellet opptre rike utformingar av *rishei*. Her finn ein eit spreidd innhald av vierartar, særleg *sølvvier* og *ullvier*, samt innslag av kravfulle urtar.



Blåbærdominert rishei med innhald av dvergbjørk er typisk for området (PKB).

**Førekomst:** *Rishei* er den vanlegaste vegetasjonstypen i norsk snaufjell. I kartområdet opptreer typen både som samanhengande areal og som mosaikk med annan fjellvegetasjon. Av kartlagt areal utgjer typen 1,2 %.

**Beiteverdi:** Dei fleste *risheiene* i kartleggingsområdet inneheld *smyle* og andre beiteplantar, og held ein kvalitet som **godt beite**.

## ENGSAMFUNN I FJELLET

### 3a Lågurteng

**Økologi:** I fjellet opptreer *lågurteng* oftast i senkingar og hellingar med langvarig snødekke, men kan også finnast på stader med moderate snøforhold. I gjeldande område skjer avsmeltinga som regel i juli. Næringstilstanden i jordsmonnet er moderat til god. Vasstilgangen i veksesesongen vil variere mykje. Enkelte utformingar kan vere permanent fuktige eller overrisla heile veksesesongen, medan andre kan tørke raskt opp når snøen er borte. *Lågurtengene* utgjer svært verdfulle beitelokalitetar og ber ofte preg av langvarig beiting.

**Arter:** Vegetasjonen er artsrik og dominert av gras, urtar og storr. Skilnadar i kulturpåverknad og næringstilgang gjer at artssammensettinga kan variere mykje mellom lokalitetane. *Smyle*, *gulaks* og *stivstorr* kan førekome med høg dekning. Andre karakteristiske artar er *fjellrapp*, *fjellfiol*, *fjellstorr* og *flekkmure*. Kalkrike utformingar har mange artar som er felles med *reinroseheia*, m.a. *hårstorr*, *gulsildre*, *snøsøte* og *rukkevier*. Desse blir merkte med **k** i kartfiguren.

**Førekomst:** *Lågurteng* er registrert med 2 lokalitetar i fjellet, og utgjer ikkje meir enn om lag 16 dekar og 0,2 % av kartleggingsarealet.

**Beiteverdi:** *Lågurtengene* utgjør viktige og gode husdyrbeite. I kartområdet vil typen utgjere **svært godt beite**.

### 3b Høgstaudeeng

**Økologi:** *Høgstaudeeng* opptreer på stader der jorda har rikeleg tilgang på oksygenrikt sigevatn, som i lisdeler og dråg eller langs elver og bekkar. Næringstilgangen er moderat til svært god. Snødekket er stabilt, men kan smelte tidleg ut. Dette er den mest produktive av vegetasjonstypene i snaufjellet.

**Arter:** *Høgstaudeeng* i opphavleg form er dominert av høge urtar, bregnar og gras. *Skogstorkenebb*, *enghumleblom*, *kvitbladtistel*, *mjødurt* og *fjellburkne* er karakteristisk for typen. I område der det går beitedyr vil det over tid oppstå ei kultivering ved at grasartane får større dekning samtidig som urtar og bregnar går tilbake. Særleg *sølvbunke* og *engkvein* kan bli dominerande. På fuktige lokalitetar finn ein ofte eit busksjikt av vierartar.

**Førekomst:** *Høgstaudeeng* er den dominerande vegetasjonstypen innafor kartlagt fjellareal. Her opptreer den på sigevasspåverka hellingar i fronten av fjellet. Dette er svært produktive og artsrike lokalitetar med busksjikt av *sølvvier* og *ullvier* og innhald av kalkkrevjande plantar.

**Beiteverdi:** Høg planteproduksjon og stort artsmangfald gjer at *høgstaudeenga* er viktig for det biologiske livet i fjellet. Som beite utgjer den viktige areal.



Høgstaudeeng i tidleg utvikling, Tømmerelvfjellet, 18. juni (PKB).

Den potensielle beiteverdien er **svært god**, men aktuell beiteverdi vil vere avhengig av kulturpåverknad. I området er *høgstaudeenga* lite til moderat påverka av beiting.

## LAUVSKOG

### 4b Blåbærbjørkeskog

**Økologi:** *Blåbærbjørkeskog* førekjem på stader der tilgangen på næring og vatn er moderat. Snødekket er oftast stabilt. Typen opptre både på lausavsetningar og på opplendte parti som har mindre jorddekke. I kartområdet finst det aller meste av *blåbærbjørkeskog* på tjukke moreneavsetningar, og sjeldnare i liene der *engbjørkeskogen* elles dominerer.

**Artar:** *Bjørk* er oftast einerådande i tresjiktet, elles er det vanleg med innslag av *rogn*, *osp* eller *furu*. Busksjikt av *einer* førekjem, særleg på tørre, solvendte stader. Undervegetasjonen, som har mykje til felles med *risheia*, er dominert av *blåbær*, *skrubbær* og *smyle*. I nokre utformingar er den lille bregnen *fugletelg* dominerande art. Marimjelleartar, *gullris*, *hårfrytle*, *stri kråkefot* o.fl. høyrer til i typen. I moreneområda på Rostaåsen er det vanleg med innslag av *furu* i tresjiktet.

På noko rikare substrat opptre ei **småbregneutforming**. Småbregnen *hengeveng* samt ein meir variert flora med urtar og gras er karakteristisk for denne. Her inngår også grasarten *engkvein*, som kan dominere sterkt på beita areal. Den store bregnen *sauetelg*, som har mindre krav til næring enn andre storbregnar, opptre vanleg i denne utforminga av *blåbærbjørkeskog*. Botnsjiktet har nesten alltid eit samanhengande dekke av husmosar.





Skrubbærdominert blåbærbjørkeskog med innhald av smyle og engkvein (PKB).



Blåbærbjørkeskog, sterkt dominert av bregnen fugletelg (PKB).

**Førekost:** *Blåbærbjørkeskog* er den nest vanlegaste skogtypen i området, og dekker store areal på Rostaåsen og i hellingane på sør- og vestsida. Ein del av lokalitetane er registrert som blandingsskog med *furu*. Elles inngår typen som del av mosaikkar i alle areal klassifisert som *blåbærfuruskog*, der den inntar dei minst opplendte partia. *Blåbærbjørkeskog* utgjør 24 % av kartlagt areal.

**Beiteverdi:** Det meste av *blåbærbjørkeskogen* i området inneheld *smyle*, *engkvein* og andre beiteplantar, og kan settast til **godt beite**.

#### 4c Engbjørkeskog

**Økologi:** Dette er ein artsrik og frodig bjørkeskogtype som har mykje til felles med *høgstaudeeng*. I kartleggingsområdet opptre typen først og fremst på morene- og skredjord i liene der nærings-tilgangen og vasstransporten er god.

**Artar:** *Engbjørkeskogen* består av fleire utformingar. Felles for desse er eit tresjikt dominert av voksterleg *bjørk* og undervegetasjon av næringskrevjande urtar, gras og bregnar.

I beiteområdet kan vi dele *engbjørkeskogen* i tre utformingar.

**Høgstaudeutforminga** er den dominerande i beiteområdet. Den er i første rekkje knytt til lier og hellingar i område med næringsrike avsetningar. Tresjiktet er dominert av *bjørk*, ofte med innslag av *rogn*, *selje* og *gråor*. Lokalt kan *osp* få stor førekost. Feltsjiktet er svært artsrikt og dominert av høgsvaksne urtar, gras og bregnar. Dei vanlegaste i området er *skogstorkenebb*, *turt*, *mjødurt*, *ballblom*, *enghumleblom*, *myskegras* og *skogburkne*. Meir kravfulle og sjeldne artar som *skogsvinerot* og *trollbær* vil førekome på sørvendte og varme lokalitetar. I eit lågare sjikt veks småbregnar, *fjellfiol*, *fjellminneblom*, *skogstjerneblom*, *firblad* o.fl.



Engbjørkeskog av høgstaudeutforming, Tverrelvdalen (PKB).



Engbjørkeskog av lågurtutforming. Frå lia lengst aust i kartleggingsområdet (PKB).

**Storbregneutforminga** er nærståande den førre, men feltsjiktet er sterkt dominert av store bregnar som *skogburkne*, *strutsevang* og *sauetelg*. Areal med *strutsevang*dominert feltsjikt indikerer særst høg næringsstilstand i jordsmonnet, og er nærståande vegetasjonstypen *gråorskog*. Bjørkeskog med over 75 % dekning av store bregnar er gjeve tilleggssymbolet **p**.

**Lågurtutforminga** krev også næringsrik grunn, men opptre på tørrare og meir opplendte lokalitetar, gjerne sørvendt. Eit stort innslag av *selje* i tresjiktet er vanleg i kartområdet. Feltsjiktet er dominert av låge urtar, gras og småbregnar, medan høgstaudar berre finst spreidd. Fleire artar kan opptre dominante. Ofte er det *skogstorkenebb* saman med *tågebær*, *hengevang* og grasartane *engkvein*, *smyle* og *gulaks*. Andre karakteristiske artar er *skogfiol*, *fjellfiol*, *fjelltistel*, *legeveronika*, *hengeaks* og *svæver*. Tørre utformingar kan ha mykje lyng i feltsjiktet, i første rekkje *blåbær*.

*Engbjørkeskog* er ein høgproduktiv skogtype og har derfor vore ein viktig ressurs som beitemark og utmarkslått. Delar av den bygdenære *engbjørkeskogen* ber preg av å ha vore sterkt beita gjennom mange år. Slik utnytting har favorisert grasartar, som stadvis dominerer vegetasjonen. Dette gjeld særleg *sølvbunke* og *engkvein*. I tillegg inngår *gulaks*, *raudsvingel* og rappartar. Grasdekning større enn 50 % blir registrert med tilleggssymbolet **g**.

**Førekomst:** *Engbjørkeskog* er den dominerande vegetasjonstypen og utgjer nær 48 % av kartlagt areal. Med unntak av åspartiet sentralt i området og delar av areala i sørvest, dannar typen store, til dels samanhengande førekomstar. I den bratte, sørvendte lia under Tømmerelvfjellet har *engbjørkeskogen* eit særleg stort omfang. Her dannar den ei brei, om lag 4 km samanhengande strekning, berre avbroten av *oreskog* i dei brattaste delane.

Høgstaudeutforminga er vanlegast, men skiftar ofte gradvis mot storbregnedominerte parti (4cp), særleg i søraustre delar av området. I listrekninga under Tømmerelvfjellet har *engbjørkeskogen* ulik karakter. Dei nedste delane vekslar mellom storbregne- og høgstaudeutforming, medan ein frisk, lågurtprega vegetasjon får aukande førekomst opp mot fjellet. Her finst også opne, grasrike flekkar. Nokre små, grunnlendte parti har ein flora med preg av *kalkbjørkeskog*. Grasdominert utforming (4cg) er kartlagt på to lokalitetar nær garden Rosta. Tidlegare opne, grasdominerte skogparti er no i attgroing av lauvkratt og andre plantar som har mindre beiteverdi.

**Beiteverdi:** Dette er den mest produktive av bjørkeskogtypene med omsyn til planteproduksjon. *Engbjørkeskog* er normalt verdsett som **svært godt beite**. Det gjev uttrykk for potensiell beiteverdi då det "normale" artsutvalet vil vere dominert av høge urtar og bregnar. Berre i vurdering av sauebeite blir bregnedominert skog sett ned til verdien *godt beite*. Storfé har ei større evne til å utnytte storbregnar som fôr og har i tillegg ein trakkoeffekt som vil redusere bregnesjiktet, slik at ein grasdominert vegetasjon etter kvart blir etablert.

## 4e Oreskog

**Økologi:** *Oreskogen* er knytt til den mest næringsrike skogsmarka. Typen opptre på morene og rasjord i liene eller på sediment og ravineskråningar langs elver og bekkar.

**Arter:** *Oreskogen* er ein frodig, høgproduktiv vegetasjonstype som først og fremst er kjenneteikna ved at *gråor* dominerer tresjiktet. I tillegg opptre *hegg* og høgvaksne vierartar. *Bringebær* og *villrips* kan danne busksjikt. Feltsjiktet er dominert av høge bregnar, urtar og gras. Innafor kartområdet er det meste av arealet dominert av *strutsevang*. *Mjødurt*, *skogburkne* og *hundekjeks* førekjem også. I et lågare sjikt under bregnane veks m.a. *skogstjerneblom*, *firblad* og *lerkespore*. Elles kan dei fleste artane som karakteriserer *engbjørkeskog* vere tilstades. Beiteprega utformingar får eit større innhald av grasartar, særleg *sølvbunke*, som kan dominere vegetasjonen på stader der beitinga har vore sterk.



Typisk vegetasjon i oreskog med eit kraftig feltsjikt av strutseveng (PKB).

**Førekomst:** *Oreskog* opptrer i store, samanhengande areal i nedre delar av lia mellom Rostaåsen og Tømmerelvfjellet. Her inntar typen bratte parti med skredjord og morene. Elles finst nokre mindre lokalitetar spreidd i området. To smale sonar med flommarkutforming inngår i kartlagt område. Utanfor kartlagt område førekjem denne utforminga av *oreskog* i betydelege areal langs Rostaelva. *Oreskog* utgjer 7,7 % av kartlagt areal.

**Beiteverdi:** Det aller meste av kartlagt *oreskog*areal har eit slutta feltsjikt som er sterkt dominert av storbregnar og høge urtar. I likskap med storbregnedominert *engbjørkeskog*, blir både potensiell og aktuell beiteverdi i *oreskog* sett som **svært god** for storfé.

## FURUSKOG

### 6a Lav- og lyngrik furuskog

**Økologi:** Dette er lysopen furuskog som finst på opplendt og ofte grunnlendt mark samt på skrinne, godt drenerte lausavsetningar.

**Arter:** Vanlegast i området er ei bærlyngutforming dominert av *kreklings*, *tyttebær* og *blokkebær*, og eit mindre innslag av *blåbær*. Elles inngår *røsslyng* og *rypebær*. Av urtar førekjem *skrubbær* samt spreidd oppslag av m.a. *skogstjerne* og *stormarimjelle*. Dei tørraste utformingane kan innehalde lavartar som *lys-* og *grå reinlav*. I området førekjem typen i veksling med tørr *blåbærfuruskog*.



Lav- og lyngrik furuskog på Rostaåsen. Kreklingdominans og førekomst av skrubbbær er typisk for området (FAH).

**Førekomst:** *Lav- og lyngrik furuskog* har ein ubetydeleg førekomst (0,4 %) i kartlagt område, der berre to lokalitetar er registrert, begge som mosaikkar mot blåbærskog. Mange parti som er for små til å kome med på kartet vil finnast innafor kartlagt *blåbærfuruskog*.

**Beiteverdi:** Her finst det lite av beiteplanter og beiteverdien er *mindre god*.

## 6b Blåbærfuruskog

**Økologi:** Furuskog på mark med betre tilgang på næring enn førre type, og oftast i hellande terreng med eit betre jorddekke.

**Artar:** *Blåbær* saman med *krekling* dominerer feltsjiktet. Elles førekjem mange av dei same artane som er beskrivne under *blåbærbjørkeskog*, som *skrubbbær*, *fugletelg*, *stri kråkefot* og *gullris*. I området er *blåbærfuruskogen* generelt skrinn og lite artsrik. Førekomsten av *smyle* er oftast svært liten.

**Førekomst:** Furuskog får stort arealmessig omfang over Rostaåsen og langs lia på sørsida. All furuskog i området er registrert som blandingskog av *furu* og *bjørk*. Topografiske forhold gjer at det meste av arealet framstår som mosaikkar mellom skrinn *blåbærfuruskog* og ein meir frodig *blåbærbjørkeskog*. På desse vekslande areala inngår også små parti av *lav- og lyngrik furuskog*.

**Beiteverdi:** *Blåbærfuruskogen* på Rostaåsen er gjennomgåande skrinn med lite innhald av beiteplantar. Her er beiteverdien *mindre god*. Nokre lokalitetar andre stader i kartområdet er sette som *godt beite*.



All blåbærfuruskog i området er registrert som blandingsskog av furu og bjørk. Areala dannar i tillegg mosaikkar mellom skrinn blåbærfuruskog og ein meir frodig blåbærbjørkeskog (PKB).

## GRANSKOG

Kartlagt granskog er plantefelt som er etablert i lauvskog eller på snau mark. Med unntak av tresjiktet vil vegetasjonstypen samsvare med opphavstypen. Vegetasjonsdekket kan vere intakt i lang tid etter etablering, men etter kvart som grana veks til blir tilgangen på lys mindre, og fleire av dei opphavlege artane blir skugga ut. I dei tettaste plantefelta finst berre eit botnsjikt av skuggetolande mosar eller eit strølag av barnåler. Berre godt etablerte og synlege plantefelt blir kartlagde som granskog. Nyetablerte felt blir klassifisert som opphavstypen og vurdert som denne i beiteverdi.

I naturleg granskog er skilnadane i beiteverdien mellom dei tre typene om lag det same som i tilsvarande bjørkeskogtypar, men i granskog er alder og tettheit på tresjiktet ein minst like viktig faktor som vegetasjonstype. Beiteverdien vil variere sterkt i unge plantefelt. Etablerte og tette felt vil vere *mindre godt beite*.

Kartlagte granplantefelt i området er 24 daa, som utgjer 0,6 % av arealet. Mest areal av etablerte felt ligg i gardsnære område på elvesletta. I tillegg finst nokre lokalitetar som er for små til å kome med på kartet. Tilplanta areal i *oreskog* der eit spreidd oppslag av gran er stagnert under oregreinene er klassifisert som *oreskog* med innslag av *gran* (4e\*).

### 7b Blåbærgranskog

Granplantefelt på mark som opphavleg har vore *blåbærbjørkeskog* eller andre areal med moderat næringstilgang. I dei tettaste felta kan ein finne spreidd oppslag av *blåbærlyng* og småbregnar. Ofte er det eit tett teppe av *etasjehusmose* i botnen. Typen utgjer 0,5 % av kartleggingsarealet. Beiteverdien i kartlagte plantefelt varierer mellom *mindre godt beite* og *godt beite*.

## 7c Enggranskog

Som føregående type, men den opphavlege vegetasjonen har vore *engbjørkeskog* eller andre areal med god næringstilgang. Skuggetilpassa vegetasjon vil vere dominert av mosar, mest *storkransemose* og *fagermosar*. Berre ein lokalitet på ca. 7 dekar er kartlagt. Beiteverdien for *enggranskog* i området er sett til **godt beite**.

## FUKT- OG SUMPSKOG

### 8c Fattig sumpskog

**Økologi:** Forsumpna mark med permanent høgt grunnvatn og fattig til middels rik næringsstatus. Dette kan vere i senkingar, langs bekkar eller i myrkantar. Typen tar også med tresette *grasmyrer* som har meir enn 25 % kronedekning.

**Artar:** Som regel dominerer *bjørk* i tresjiktet, som også kan innehalde andre lauvtreslag og *fur*. Trea er tydeleg hemma i vokster. Innslag av vierartar kan førekome i busksjiktet.

*Fattig sumpskog* varierer mykje i artsinnhald. Tørre utformingar kan vere dominert av *molte* og lyngartar og innehalde lite av beiteplantar, medan fuktige lokalitetar på hellande mark kan ha eit tett feltsjikt av *skogrøyrkvein* og høge storrartar. *Bukkeblad*, *myrhatt* og myrullartar er også vanleg.

**Førekomst:** Eit større areal der delar inngår som mosaikk mot furuskog er lokalisert til flatt terreng nær garden Rosta. Ein annan lokalitet ligg på hellande mark i dalen innafor Lienga. Typen utgjer berre 50 dekar, som er 0,5 % av kartlagt areal.

**Beiteverdi:** Areal med *fattig sumpskog* nær Rosta består av ei skrinnt utforming som er sett til **mindre godt beite**. Den andre lokaliteten har ein frodigare vegetasjon og utgjer **godt beite**.

### 8d Rik sumpskog

**Økologi:** Dette er ei samling av alle skogtypar på forsumpna mark med god næringstilgang. Rikmyrer med tett nok tresetting blir også ført til denne typen. *Rik sumpskog* er vanleg på flomutsette område og på areal med høgt grunnvatn langs elver og bekkar. Andre utformingar finn ein i hellande terreng under kjeldehorisontar med jamn vassforsyning.

**Artar:** *Rik sumpskog* er artsrik. Tresjiktet er godt utvikla og vi finn *bjørk*, *gråor* og høgvaksne vierartar. Busksjikt av vier kan førekome. Feltsjiktet består av høge urtar, bregnar og gras, inklusive artar som er vanlege i *engbjørkeskog* og *gråorskog*. I tillegg veks ulike storrartar og fuktkevande planter som *myrsnelle*, *sløke*, *soleihov* og *stor myrfiol*. Botnsjiktet er artsrikt og består av kravfulle mosar, først og fremst *fagermosar* og *torvmosar*.

**Førekomst:** Det er registrert 7 lokalitetar av *rik sumpskog* spreidd i området. Mest areal ligg i eit strøk mellom Bjørnhaug og Tverrelvdalen. Typen utgjer ikkje meir enn 1,3 % av samla areal.

**Beiteverdi:** I området har *rik sumpskog* eit frodig feltsjikt. Innhaldet av beiteplantar vil variere mellom lokalitetane, men kan jamt over settast som **svært god** for storfé. Typen utgjer også viktig sommarbeite og skjul for elg.

## MYR

### 9a Rismyr

**Økologi:** Denne myrtypen har artsfattig og nøysam vegetasjon som klarer seg med den næringa som blir tilført med nedbøren. Dei typiske *rismyrene* finst i flatt eller svakt skrånande terreng og kan ha eit mektig torvlag. Overflata er ofte ujamn med tuver.

**Arter:** Vegetasjonen er artsfattig, einsarta og dominert av nøysame artar som *molte*, *krekling*, *dvergbjørk*, *blokkebær*, *bjønnskjegg*, *torvull* og *sveltstarr*. *Botnsjiktet* består av ei tett matte av *torvmosar*.

**Førekomst:** Vegetasjonstypen er registrert på Rostaåsen, der 13 dekar inngår i mosaikk mellom *rismyr* og *bjønnskjeggmyr*.

**Beiteverdi:** *Rismyr* har lite beiteplantar og utgjer *mindre godt beite*.



Berre éin lokalitet av rismyr er registrert, kartlagt som mosaikk med bjønnskjeggmyr (FAH).

### 9b Bjønnskjeggmyr

**Økologi:** Dette er ein artsfattig myrtype med sterk dominans av den lille sivaksarten *bjønnskjegg*. Typen førekjem oftast på flate areal med stagnerande eller svak vassgjennomstrøyming.

**Arter:** *Bjønnskjegg* saman med *torvull* er dominerande artar. Andre artar som er vanlege både i *grasmyr* og *rismyr* kan førekome spreidd.

**Førekomst:** Éin lokalitet av *bjønnskjeggmyr* er kartlagt som mosaikk med *rismyr*.

**Beiteverdi:** I *bjønnskjeggmyr* finst berre eit ubetydeleg innhald av beiteplantar. Typen utgjer **mindre godt beite**.



## 9c Grasmyr

**Økologi:** Dette er jordvassmyrer dominert av storr- og grasartar. Utforminga av vegetasjonsdekket vil vere påverka av kor høgt vatnet står, kor fort det strøymer (verknad på oksygeninnhald) og mengda av nærings salt oppløyst i vatnet.

**Artar:** På grunnlag av førekomst av meir eller mindre næringskrevjande plantar, kan *grasmyrene* delast inn etter næringsstilstanden i jorda. I kartleggingsområdet finn vi intermediære og rike utformingar av *grasmyr*. I tillegg er kalkmyr registrert med ein lokalitet i fjellet. *Trådstorr*, *flaskestorr*, *duskull*, *bjønnskjegg* og *slåttstorr* er viktige artar, og ein eller fleire av desse vil dominere feltsjiktet. Busksjikt av vierartar førekjem vanleg langs myrkantar. Botnsjiktet er godt utvikla og består mest av torvmosar.

I *rikmyr* kjem det inn meir næringskrevjande artar som *breiull*, *gulstorr*, *fjelltistel*, *jåblom*, *tågebær* og mange fleire. Høgstaudane *mjødurt* og *sløke* er òg vanleg. Botnsjiktet består mest av kravfulle bladmosar. Rikmyr blir merka på kartfiguren med tilleggsteiknet *r*.

**Kalkmyr** inneheld i tillegg fleire kalkkrevjande artar. Typiske artar på kalkmyrer er *hårstorr*, *gulsildre*, *rukkevier*, samt kalkkrevjande orkidear. Kalkmyr blir merka med tilleggsteiknet *k*.

**Førekomst:** *Grasmyr* er vanlegaste myrtype i kartleggingsområdet. Det meste består av rikmyr med ei fast overflate som er dominert av *trådstorr* og *flaskestorr*. *Grasmyrer* utgjer berre 1,4 % av kartlagt areal. Det aller meste ligg på ei strekning mellom Rostaåsen og Tverrelvdalen.

**Beiteverdi:** For storfé blir *grasmyrer* rekna som **godt beite**. Delar av dei frodigaste rikmyrene i området kan nå opp mot **svært godt beite**.



Kantsone av grasmyr (rikmyr), dominert av trådstorr, og med innhald av næringskrevjande artar som sløke, mjødurt og breiull (PKB).

## JORDBRUKSAREAL

### 11a Dyrka mark

Dette er fulldyrka eller overflatedyrka jord med kulturbetinga vegetasjon. I denne klassifiseringa er kravet til *dyrka mark* at den kan haustast maskinelt. Tidligere slåttemarkar som er kuperte eller bratte og ikkje har vore hausta i seinare tid, blir ført til neste type, *beitevoll*. Den *dyrka marka* i området består av engareal til fôrhausting. Typen omfattar også mark som har lege uhausta i lengre tid og er ute av hevd, men kan førast tilbake i produksjon utan omfattande dyrkingstiltak. *Dyrka mark* i dårleg hevd blir markert med tilleggssymbolet  $\perp$  (11a  $\perp$ ).

**Førekomst:** Den kartlagte *dyrka marka* omfattar engareal på gardane mellom Rosta og Dørum. Desse areala er i drift, og blir derfor trekt ut frå det nyttbare beitearealet. I tillegg inngår tre små spreiddliggande areal som ikkje har vore hausta på lang tid. Desse blir vurdert som ein del av beitearealet. *Dyrka mark* utgjer 171 dekar og 1,6 % av kartlagt areal. Dei tre lokalitetane som reknast inn i beitearealet er til saman nær 16 dekar.

**Beiteverdi:** Tidlegare dyrka areal som ligg tilgjengeleg som beitemark gjennom sesongen, blir sette som **svært godt** beite.

### 11b Beitevoll

**Økologi:** Dette er kulturbetinga, grasdominert vegetasjon som har oppstått etter langvarig husdyrbeiting, slått eller anna kultivering. I arealtypen inngår tidlegare slåttevollar som er for bratte eller kuperte til at dei kan haustast maskinelt. Marka kan vere ujamn og kan ha oppstikkande stein og stubbar. *Beitevollar* i dårleg hevd blir markert med tilleggssymbolet  $\perp$ .

**Arter:** Arealtypen kan omfatte svært ulike utformingar, varierende etter nærings- og vasstilstand i jorda og etter kulturpåverknad. Felles for alle er dominans av grasartar og eit større eller mindre innhald av beitetolande urter. *Sølvbunke*, *engkvein*, *gulaks*, *rappartar*, *raudsvingel*, *ryllik*, *kvitkløver*, *engsyre*, *marikåper* og *blåklokke* er typiske artar i *beitevollane*. Lokalitetar i attgroing vil også innehalde artar som er typiske i skogvegetasjonen.

**Førekomst:** Den einaste registrerte *beitevollen* ligg ved garden Dørum. Det er eit areal på om lag 16 dekar i dårleg hevdtilstand.

**Beiteverdi:** Beiteverdien på det registrerte arealet er **svært god**.


### 3.3 Vegetasjon og beite i Rostaåsen med tilliggande område

#### 3.3.1 VEGETASJON

I kartleggingsområdet Rostaåsen med kringliggende område er 93 % av arealet klassifisert som skogvegetasjon. Resten er fjellvegetasjon, myr og kulturmark. Lauvskogen utgjør 87 % av skogarealet og furuskogen 13 %. Dei høgproduktive vegetasjonstypene *engbjørkeskog*, *oreskog* og *rik sumpskog* utgjør til saman 61 % av skogdekt areal. Typisk for lauvskogområda i Indre Troms er det store innhaldet av *engbjørkeskog*. I det kartlagte området utgjør denne typen heile 51 % av skogdekt areal. Innafor denne vegetasjonstypen varierer plantesamansetninga mellom ulike utformingar.

Det aller meste av furuskogen finn ein over dei høgaste delane av Rostaåsen, knytt til stader der morenehaugane er mest oppbygde. Om lag all furuskog i området er klassifisert som blandingsskog med innslag av *bjørk*. På Rostaåsen har furuskog ein mosaikkarta førekomst, der den stadig vekslar mot bjørkeskogparti. Vanlegast er ei fattig utforming av *blåbærfuruskog* i veksling mot ein friskare *blåbærbjørkeskog*. Lenger fram i hellingane har denne blandingsskogen eit frodigare preg med større dekning av *blåbær*, *skrubbær* og *smyle*. Skogmiljøet vekslar mellom gammalskog og parti med yngre skogbestand. Åspartiet er påverka av tidlegare plukkhogst av stor *furu*, der ein betydeleg del ligg att som læger eller bult.

Lauvskogen er i større grad knytt til hellande terreng med betre vasstransport eller til finkorna avsetningar langs vassdraga. *Blåbærbjørkeskogen* har dei største førekomstane i hellingar mot ytterkant av åspartiet og er mindre vanleg i dei bratte lisdene. Denne vegetasjonstypen er varierende i plantesamansetning. Over moreneryggane på Rostaåsen dominerer skrinne utformingar der *krepling* inngår i feltsjiktet. Innhaldet av *smyle* og urtar er heller lite. Lenger ned i åssidene er det frodigare utformingar, ofte dominert av den lille bregnen *fugletelg* og med eit betydeleg innhald av *smyle*. På meir finkorna morene i dei slake hellingane mellom Bjørnhaug og Tverrelvdalen finn ein også slike *smyle*rike førekomstar, særleg på dei opne hogstfelt. I same område har den friske småbregne-utforminga størst førekomst.



Figur 2. Vegetasjonstypar som dekkjer meir enn 1 % av landarealet i Rostaåsen med kringliggende område.



Bildet viser myr og furuskog på Rostaåsen, sett mot Tverrelvdalsfjellet og den bratte lauvskoglia under Tømmerelvfjellet (PKB).

Innanfor typen *engbjørkeskog* varierer plantesamansetninga mellom dei ulike utformingane.

Sør og vest for Rostaåsen dominerer artsrik høgstaudevegetasjon, men storbregneutforminga inngår i dei brattaste hellingane og har mest areal austover mot Tverrelva. På dei opne hogstfeltene søraust i området har artssamansetninga endra seg noko etter hogst. Mellom anna synest grasarten *skogrøyrkvein* å ha ekspandert, der den også dominerer på mindre parti. Andre artar i ekspansjon synest vere *turt*, *mjødurt* og *bringebær*.

Den bratte lia under Tømmerelvfjellet er del av ei halvanna mil lang sørvendt listrekning som er sterkt dominert av *engbjørkeskog*. Her får *engbjørkeskogen* saman med *oreskogen* ein særleg stor samanhengande førekomst. Langs lia finn ein meir eller mindre tydelege soneringar. Dei brattaste partia i nedre del er dominert av *oreskog* saman med storbregneutforminga av *engbjørkeskog*. Oppover i lia er det mest høgstaudevegetasjon, men det er òg mykje areal av lågurtprega, grashaldige utformingar med innslag av kalkkrevjande artar. Dei øvre delane av lia har ein tilstand av gammal naturskog med eit ope tresjikt og stort innhald av død ved. Det inngår mange trelause parti som stadvis er i attgroing av frøspreidd *bjørk*. Opp mot skoggrensa aukar førekomsten av lågurtdominert *engbjørkeskog*.

Fjellvegetasjon inngår i kartområdet som ei smal sone langs kanten av Tømmerelvfjellet. Her dominerer *høgstaudeeng*, den mest produktive av vegetasjonstypene i fjellet. *Rishei* utgjer også ein stor del av kartlagt fjellvegetasjon. Dessutan inngår *lågurteng*, *kalkmyr* og *lavhei*, men desse typene utgjer små areal.

Kartleggingsområdet har lite areal av myr og sumpskog. Av desse vegetasjonstypene har berre *rik sumpskog* og *grasmyr* areal av betydning.

### Nokre hovudtrekk ved storfébeiting i utmark

Bruk av utmark som beite for storfé i sommarsesongen kan gje gode produksjonsresultat føreset at tilgjengelege areal er produktive nok. I Troms er det i første rekkje dei høgproduktive typane *engbjørkeskog*, *oreskog* og *rik sumpskog* som blir utnytta av storféet. Der det er produktive *grasmyrer* blir også desse godt utnytta. I tillegg blir det beita ein del i blåbærskog (*blåbærbjørkeskog* og *blåbærfuruskog*) og skrinnare typar så fram desse inneheld beiteplantar.

I fjellet er det først og fremst *høgstaudeeng* som har kapasitet som storfébeite, men også *lågurteng* og *grassnøleie* er gode beite som kan bli godt utnytta.

Det vil finnast regionale skilnader. Der det er manglande eller liten førekomst av dei produktive gras- og urterike vegetasjonstypene vil det meste av beiteopptaket bli på skrinn, lyngdominert vegetasjon. Då trengst det store beitevidder, og det vil vere risiko for at dyra går ned i yting.

Det vil òg vere ein del skilnad i beitevalet mellom ulike rasar. Det er kjent at nokre kjøfféasar utnyttar den frodige skogvegetasjonen svært godt, og beitar på eit stort spekter av artar i felt- og busksjiktet. Det finst fleire døme på at storbregnedominerte areal av *oreskog* og *engbjørkeskog* kan bli godt nedbeita, der særleg arten *strutseving* blir utnytta som beiteplante. Det same gjeld areal dominert med *mjødurt*, *hundekjeks*, *skogstorkenebb* eller *geitrams*. Lauvbeiting kan vere omfattande, særleg på *vier*, *selje* og *rogn*, men også *bjørk* og andre lauvtreslag kan bli sterkt beita i buskstadiet.

Avbeitinggraden har samanheng med kor stort areal dyra har å ferdast på. Den sterkaste beitinga vil ein få der arealtilgangen er avgrensa, som på inngjerda areal. Sterk avbeiting vil òg førekome på gode beitelokalitetar i område der andelen av slike er liten, til dømes i *engbjørkeskog* innafør område som er dominert av *lav-* og *lyngrik bjørkeskog*. Også der dyra har tilgang til store utmarksareal er avbeitinga størst der ferdsla er mest konsentrert, særleg langs stiar og gjerdekantar. Det same kan ein finne nær andre terrenghinder, som inntil elver og vatn, bratte bergkantar og liknande. Som regel er beiteintensiteten størst på utmarksareal nær garden, og minkar gradvis med aukande avstand.

Storféet har i mykje større grad enn sauene evne til å endre den naturlege artssamansettinga i skogvegetasjonen. Lyng, bregnar og høge urtar har liten toleevne for beiting og trakk frå dyra. Dei vil etter kvart tynnast ut og bli erstatta av meir beitetolande plantar, i første rekkje gras og halvgrasartar som har veksepunktet så lågt at dei ikkje blir skadd av beitinga. Andre plantar som dyra ikkje likar, som er lågvakse eller på andre måtar ikkje blir beita, vil òg kunne ekspandere.

Skog på næringsrik mark som blir jamt beita av storfé vil over tid få ei opnare, meir einsjilta tresetjing og eit grasdominert feltsjikt. Dette gjev eit parklikt preg. På stader der dette preget er sterkast blir skogen klassifisert som *hagemarkskog* i vegetasjonskartlegginga. Beiteverdien i slik skog vil vere svært høg.

### 3.3.2 BEITE

Fordelinga av vegetasjonstypene er avgjerande for kvar ein finn dei ulike beiteverdiane lokalisert i eit beiteområde. Innanfor kartleggingsområdet er det fire vegetasjonstypar i skog som dominerer. Det er *engbjørkeskog*, *oreskog*, *blåbærbjørkeskog* og *blåbærfuruskog*. Dei to førstnemnde representerer *svært godt beite* og utgjer hovudtyngda av beiteressursane i området. Det meste av *blåbærfuruskog* er av ei tørr utforming, vurdert som *mindre godt beite*, medan *blåbærbjørkeskog* blir sett til *godt*, dvs. eit middels *godt beite*.

I det følgjande blir beitetilhøva beskrive innafør tre delar av kartleggingsområdet, vist på fig. 3, side 35. Denne inndelinga er gjort etter fellestrekk i terreng og vegetasjonsfordeling.

**1. Rostaåsen med åsryggen aust mot Bjønnbakken:** Den omtalte delen av kartområdet fell i stor grad saman med arbeidsområdet for verneprosessen. Ein mosaikk av *blåbærfuruskog* og *blåbærbjørkeskog* pregar areala innafør dette området. Etter det som er sagt om beiteverdiar ovafor, blir det også ei sterk veksling mellom klassane *mindre godt* og *godt beite*, der *mindre godt* dominerer areala.



Variasjonen mellom furu- og bjørkedominert blåbærskog på Rostaåsen skaper sterke veksingar i beiteverdi mellom mindre godt og godt beite (FAH).

Fargesettinga på beitekartet viser berre dominerande beiteklasse. Det inngår også nokre areal av *svært godt* beite i dette området. Det er *engbjørkeskog* som opptre i terrengsenkingar og på enkelte grunne parti med næringsrik berggrunn. I tillegg finst nokre spreidde areal av *grasmyr* og *rik sumpskog*. Både myr og sumpskogareal har ei fast overflate og ei vegetasjonssamansetting som kan utnyttast av storfé. Beiteverdien vil variere, men er i gjennomsnitt sett til *godt* for *grasmyr* og *svært godt* for *rik sumpskog*. Ved Bjørnhaug er det eit lite areal med *dyrka mark* (grøfta myr) som no er i attgroing.

Denne delen av kartområdet er den minst produktive som beite. Dei beste areala ligg i området kring Bjørnhaug og aust mot Tverrelva. Nyttbart beite utgjer 60 % av arealet medan berre 15 % kjem i klassen *svært godt beite*.

**2. Området vest- og sør for Rostaåsen:** I delområdet er det produktiv lauvskog som dominerer. *Engbjørkeskogen* som utgjer mest areal, får eit stort omfang på strekninga mellom Sagbekken og Tverrelva. Her er areala svært produktive og godt eigna som storfébeite. I dei opne hogstfelta har artssamansettinga endra seg noko, m.a. ved større førekomst av graset *skogrøyrkvein* og stadvis innslag av *bringebærkratt*. Dette tilhøvet endrar neppe beitekvaliteten for storfé. *Blåbærbjørkeskogen* i dette området er frodigare og meir artsrik enn på moreneavsetningane på Rostaåsen. Granplantefelta av typen *blåbærgranskog* varierer i beiteverdi mellom *mindre godt* og *godt beite*. Denne variasjonen har samanheng med tettheit og alder på trea. Eldre, tette granbestand manglar ofte vegetasjon som dyra kan utnytte.

Areala med *fattig sumpskog* har eit tynt feltsjikt med eit ubetydeleg innhald av beiteplantar. *Rik sumpskog* representerer derimot *svært godt* beite. Av andre høgproduktive areal i denne delen av området er to små førekomstar av tidlegare *dyrka mark* samt ein *beitevoll*.



I strøket mellom Sagbekken og Tverrelva er areala svært produktive og godt eigna som storfébeite. Bildet viser eit snautt areal ved Tverrelvfossen, klassifisert som grasdominert høgstaudeeng (PKB).

Desse areala er i dårleg hevd, men vil få ein betre kulturtilstand dersom storféet får tilgang. Nedanfor Tverrelvfossen finst ein annan spesiell lokalitet. Det er eit snautt areal som er påverka av fossesprøyt, og blir klassifisert som grasdominert *høgstaudeeng*.

Nærast garden Rosta er skogvegetasjonen påverka av beitedyra. Beiting på markvegetasjon og busksjikt saman med trækkeffekten har i større eller mindre grad endra plantesamansettinga.

Denne påverknaden er størst i *engbjørkeskog* ved at urtar og bregnar blir redusert samtidig som grasartane ekspanderer. Ved Rosta er det også kartlagt areal av grasdominert *engbjørkeskog*. Den grasdominerte tilstanden kan delvis ha samanheng med tidlegare meir intensiv husdyrbeiting. Dei nedste delane av lihellinga mellom Rosta og Dørum har også preg frå tidlegare beitepåverknad, synleg som opne, grasrike parti i *engbjørkeskogen*. Desse er no i sterk attgroing.

Området vest og sør for Rostaåsen er vekslende i karakter og dominert av produktiv lauvskog. Nyttbart beite utgjør 91 % av tilgjengeleg beiteareal. *Svært godt beite* utgjør 60 %.

**3. Lia under Tømmerelvfjellet** står i ei særstilling når det gjeld produktivitet og beitekvalitet. Listrekninga utgjør 44 % av kartlagt område, der det aller meste kjem i klassen *svært godt* beite. Innafor denne beiteklassen er det ein del skilnad i potensialet for beiteproduksjon, knytt til dei ulike utformingane av *oreskog* og *engbjørkeskog*. Dei mest produktive beiteareala består av storbregne-dominerte utformingar som på kartet er markert med tilleggsteiknet *p* (4ep, 4cp). I området gjeld det dei nedre og brattaste delane av lia der arten *strutseveng* opptreir dominant. På desse areala finst det små parti som er så bratte og tett tresette at dei kan vere vanskeleg å utnytte. Slike brattbakkar utgjør ubetydelege areal og blir ikkje rekna som reduksjon i beitearealet



Storbregnedominert engbjørkeskog og oreskog er dei mest produktive vegetasjonstypene i området. Frå gammalt hogstfelt nord for Teltbekken (PKB).



Lågurtutforming av engbjørkeskog. Bildet viser eit ope, grasrikt parti øvst i lia under Tømmerelvfjellet (PKB).



Vegetasjonen i øvre delar av lia består mest av artsrik høgstaude- og lågurdminert *engbjørkeskog*. Her er det gode beite både for storfé og småfé. Den glisne tresetjinga og dei mange opne felta gjev store nyttbare beiteareal som vil verke tiltrekkande for beitedyra. På enkelte opplendte parti opptrer ei tørr lågurtutforming. Slike lokalitetar kjem tidleg i vokster, men har ein lågare planteproduksjon.

Det vart ikkje observert spor etter husdyrbeiting i denne listrekninga. Grasrike parti i den øvre delen av lia synest vere eit beitepreg som har oppstått frå reinbeiting og tidlegare sauebeiting.

Delar av området, m.a. lengst aust mot Tverrelvdalen, har vore bruka som slåttemark. Her står det ei høyløe i god stand. Då alle gardane var i drift har nok beitebruken vore betydeleg her.

Lokalitetar med stor førekomst av *turt* hadde mykje beitespor, det meste frå *elg*. Det vart sett både *elg* og *rein* i området. Det vart òg observert trakk, beitespor og ekskrement frå *bjørn*.

Lia under Tømmerelvfjellet utgjer eit særleg produktivt og kvalitetsmessig godt område for husdyrbeiting. Det nyttbare beitet utgjer nær 100 % av arealet. 93 % er klassifisert som *svært godt beite*.

## 4. BEITEVERDI OG BEITEKAPASITET

### 4.1 Beiteareal

Vegetasjonskartet gjev grunnlag for å dele inn utmarksbeitet etter beitekvalitet. I det framstilte beitekartet blir det berre tatt omsyn til første signatur i mosaikkfigurar. I den tabellvise utrekninga som ligg til grunn for beiteressursvurderingane i dette kapitlet, er også type nr. 2 tatt med. Første type i mosaikkfigurar blir tillagt 62 % av figurarealet, mens andre signatur får 38 %.

Nedanfor er det rekna ut arealtal for ulike beitekvalitetar i kartleggingsområdet. Første trinn her er å finne fram til **nyttbart beiteareal**. Det blir gjort ut frå ei sortering av kartlagte vegetasjonstypar etter beiteverdi. Vegetasjonstypar som har så lite av beiteplanter at dei blir lite oppsøkt av beitedyr der dei kan velje fritt, blir trekt ifrå det nyttbare. Det gjeld typar som er klassifiserte til *mindre godt beite*: 2c lavhei, 6a lav- og lyngrik furuskog, 9a rismyr og

9b bjønnskjeggyr. Innafor ein og same vegetasjonstype kan det finnast variasjonar i artssamansetting som kvalifiserer til ulike beiteklassar. Døme frå dette kartleggingsområdet er 6b blåbærfuruskog, 7b blåbærgranskog og 8c fattig sumpskog. For desse typane blir det meste av arealet sett til *mindre godt beite* medan nokre lokalitetar blir vurdert som *godt beite* og tatt med i det nyttbare beitearealet.

I kartleggingsområdet blir også *beitevoll* samt små areal av *dyrka mark* som er kome langt i attgroing tatt med i det nyttbare beitearealet, til saman 32 dekar. Derimot blir hevdhalde *dyrka mark*, 155 dekar, trekt ifrå.

Tabell 3 viser det nyttbare beitearealet som er 8865 dekar og utgjer 84 % landarealet i kartlagt område. Fordelt etter beitekvalitet kjem 60 % av arealet i den beste beiteklassen, *svært godt beite*. Dette utgjer eit høgt nivå for utmarksbeite og tilseier eit beiteområde av særleg høg kvalitet. Gjennomsnittleg beiteverdi for Rostaåsen med kringliggande område kvalifiserer til *svært godt beite*.

Tabell 3. Fordeling av areal med ulik beiteverdi for storfé

Areal	Dekar	%
<b>Totalt landareal</b>	<b>10537</b>	<b>100</b>
÷ Dyrka mark	155	2
÷ Mindre godt beite	1517	14
<b>Nyttbart beiteareal</b>	<b>8865</b>	<b>84</b>
Godt beite	2548	24
Svært godt beite	6317	60

### 4.2 Beitekapasitet

Det finst lite forskning kring beiteverdien til dei enkelte vegetasjonstypene. Dette gjeld både produksjon og næringsverdi av plantemateriale, men særleg dyra sitt fôropptak som vil variere frå type til type. Høgast opptak vil ein ha frå dei beste beitetypene då det her er meir beiteplantar og oftast planteartar av høgare kvalitet.

På skogsbeite er det funne at storfé kan ta opp 8 f.e./dekar ved 80 dagars beitesesong og sau 11 f.e./dekar ved 120 dagars beitesesong (Bjør og Graffer 1963). Dette gjev om lag same opptak ved lik lengde av beitesesong for begge dyreslaga. For eit større utmarksområde kan ein ikkje rekne med at meir enn 10-20 % av samla produksjon av beiteplanter blir tatt opp av beitedyr ved full beiteutnytting.

Tveitnes (1949) rekna ut høveleg tal beitedyr for fjellbeite av ulike kvalitetar på Vestlandet. Dersom ein tar utgangspunkt i nyttbart beiteareal i den meining at dette er areal der ein kan rekne med at dyra tar beitegrøde av betydning frå, kan dette sjå ut til å vere eit brukbart utgangspunkt for vurdering av beitekapasitet i utmark (Rekdal m.fl. 2000).

Med **beitekapasitet** er her meint det dyretalet som gjev optimal produksjon av kjøt, samtidig som beitegrunnlaget ikkje blir forringa på lang sikt.

**Fôreining** (f.e) er eit uttrykk for næringsverdien i fôrmiddel. 1 fôreining er lik verdien av 1 kg bygg med 14 % vatn.

Som 1 **storféining** er her tenkt storfé med fôrkrav på 6 f.e. per dag i snitt gjennom beite-sesongen. Dette passar for ein mellomtung kjøtferase, men vil variere alt etter flokksamansetjing, kalvingstid m.m. For ungdyr av NRF-rase i vekst ved 1-2 års alder og som vedlikehaldsfôr for mjølkekyr kan ein rekne 5 f.e. per dag.

Tabell 4. Beitekapasitet for storfé på utmarksbeite med ulik kvalitet. Kolonne 4 viser dyretalet rekna om til dekar per storféining. Opptak er rekna etter eit snitt på 6 f.e. per dag per storféining og tabellen føreset eit jamt i beiteopptak gjennom sesongen. Tabellen er bearbeidd etter Tveitnes (1949)

Fôropptak per dag	Kvalitet	Dyr per km <sup>2</sup>	Dekar per dyr
6,0 f.e.	Mindre godt beite	6 - 9	180 - 114
	Godt beite	9 - 13	108 - 78
	Svært godt beite	13 - 18	78 - 54

For å bruke tabell 4 må eit beiteområde gjevast ein samla karakteristikk. Rostaåsen med kringliggande område vart i førre avsnitt sett til **svært godt beite**. Tabellen viser då at det kan sleppast 13 - 18 dyr per km<sup>2</sup> nyttbart beiteareal. Kring 16 dyr per km<sup>2</sup> vil vere eit høveleg tal for området. Multipliserer ein dette med talet for nyttbart beite i området får ein:

$$16 \text{ storfé/ km}^2 \times 8,8 \text{ km}^2 = 141 \text{ storfé}$$

Dersom ein reknar 10 % usikkerheit til kvar side og rundar av til næraste 10-eining, kan storfétalet ligge på **130 – 160 dyr**.

Det tilrådde dyretalet føreset nokolunde jamn fordeling av dyr i området. Det må understrekast at denne utrekninga av dyretal er eit grovt overslag. "Fasiten" finn ein ved å følgje bruken av området, utviklinga i vegetasjonen og vektene på dyr frå beite over tid.

Tilrådd dyretal må sjåast på som eit lågt tal. Om dyra tar areala i bruk vil beitetilfanget bli større gjennom den kultiveringa som skjer ved beitinga. Dette utgjør eit stort potensial for ein auka beitekapasitet som ikkje er rekna med her.

# ROSTAÅSEN MED KRINGLIGGANDE OMRÅDE

1:30 000

## BEITE FOR STORFE




Fig. 3. Beitekart over Rostaåsen med kringliggende område. Orange, stipla line markerer avgrensing mellom 3 delområde brukt ved områdevis omtale av beite. Arbeidsgrense for verneprosessen er vist med raud farge.

## LITTERATUR

**Bjor, K. og Graffer, H. 1963:** Beiteundersøkelser på skogsmark. Forsk. Fors. Landbr. 14: 121-365.

**Rekdal, Y. 2001:** Husdyrbeite i fjellet. Vegetasjonstypar og beiteverdi. NIJOS rapport 7/2001. ISBN 82-7464-276-7. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Ås.

**Rekdal, Y., Garmo, T. H. og Steinheim, G. 2000:** Vurdering av beitekapasitet i utmark. I: Husdyrforsøksmøtet 2000. Norges landbrukshøgskole, Ås.

**Rekdal, Y og Larsson, J. Y. 2005:** Veiledning i vegetasjonskartlegging M 1:20 000 - 50 000, NIJOS-instruks 1/2005. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Ås.

**Tveitnes, A. 1949:** Norske fjellbeite. Bind II. Det kgl. Selsk. for Norges vel. Oslo, 167 s.